


# VINDAFJORDBRUKET



MELDINGSBLAD FOR LANDBRUKSNÆRINGA I VINDAFJORD

Nr. 1

februar

2024

## PRODUKSJONSTILSKOT DEL 1 - HUGS SØKNADSFRISTEN 15. MARS

Teljedatoen er 1. mars, og frå den dagen er det mogleg å sende inn søknaden. Etter at du har sendt inn søknaden (innan fristen 15. mars) kan du inn og endre fram til 29. mars. Når søknaden er sendt, er **det viktig at du hugsar å sjekke kvitteringa di i Altinn.** Ta alltid kontakt med kommunen dersom du er i tvil om noko.

## HUSDYRREGISTERET – har du hugsar å oppdatere?

For deg som søker tilskot til storfè, er det viktig at Husdyrregisteret er oppdatert før kvar teljedato. Me nyttar opplysningar frå Husdyrregisteret når me kontrollerer tal dyr i søknaden. Der får me også opplysningar om mjølkekyr / ammekyr har kalva dei siste 15 månader før teljedato. Kasting vert ikkje rekna som kalving, og dersom kalven er dødfødt, må ein ved kontroll ha dokumentasjon, til dømes kvittering frå Biosirk.

## MINIMUM 2 METER BREI KANTSONE MOT VASSDRAG

Hugs at ei **minimum 2 meter brei** kantsonne mot vassdrag på dyrka jord, er eit **vilkår for produksjonstilskot.** Sona må ikkje jordarbeidast, gjødslast eller sprøytast, men men kan vere grasdekt og bli beita.

## LYSSIV, HØYMOL OG TISTEL

blir i stadig større grad eit vanleg syn i eng og beite. Ugraset spreier seg med frø i lufta, og blir til slutt eit problem, også for naboar som prøver å halde areala ugrasfrie. Areal med mykje ugras er lite produktive og kan føre til trekk i produksjonstilskotet og i tilskotet til bratt areal.

## AVLØYSING VED SJKDOM OG FØDSEL – AUKA DAGSATS FRÅ 2024

Maksimal dagsats for tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel er auka frå 2100 til 2450 kroner pr. dag. Hugs å sende inn krav til NAV innan fristen på 3 månader, dersom du blir sjukemeld utover 16 dagar. Dagsatsen er no så høg at det kan svare seg å rekne på om det er litt å hente også etter dei 16 første dagane av sjukeperioden, sjølv om du får berekna høg sjukepengesats frå NAV. Ta kontakt med Sissel Lilleland tlf. 47 78 03 92 dersom du har spørsmål til ordninga.

## ÅRLEG GJØDSLINGSPLAN

Gjødslingsplanen skal oppdaterast kvart år, og avtalar om spreieing av husdyrgjødsel må vere skriftlege.

## PLANTEVERNJOURNAL

Du må føre journal over bruk av plantevernmidlar. Dersom du leiger andre til å sprøyte, må du syte for at dei du leiger noterer tidspunkt, mengd, type middel og kvar dei har sprøytta, slik at du kan føre journal.



## TA EIT TAK FOR Å FJERNE LANDØYDA

Landøyda er ei svært giftig plante som

blomstra i slutten av juli, og spreier seg fort. Planta er skadeleg for beitende dyr, spesielt storfe og hest, som kan få leverskader. Finn du denne planta på eiegen din, er det lurt å nappe den opp og få den fjerna saman med restavfallet, slik at ho ikkje får spreie seg vidare og vere til skade for beitedyra.

#### **PLASTINNSAMLING VÅREN 2024**

Gjeld kun rundballeplast og storsekk. Levering til dei faste plassane må skje tett opp til annonsert dato (annonse i Grannar og på heimesida til Gangstø Transport AS). Det er viktig at platen er rein for jord, streng, stein, netting og liknande.

#### **REGIONALT MILJØTILSKOT OG TURSTIAR**

Dersom du har planar om å leggje til rette for tursti på eiegen din, er dette tida for å klargjere turstien. Kvar bygd har ein turstikontakt som kan gi råd og tips om tilrettelegging og merking. Du kan også få tilskot gjennom ordninga SMIL til dette arbeidet.

#### **GJERDEKLYVERAR / HUNDEPORTAR**

Dersom du treng gjerdeklyvar eller hundeport for å legge til rette for ferdsel på eiegen din, kan du ta kontakt med oss på landbruk.

#### **ARVELOV OG LANDBRUKS-EIGEDOMAR I DØDSBU**

Frå 01.01.2022 trådte den nye arvelova i kraft (§99a). Dette inneber at det er ein frist for å overføra landbrukseigedomar (eigedomar med minst fem dekar jordbruksareal eller minst 25 dekar produktiv skog) frå dødsbu til ein ny eigar innan tre år. Den nye lova skal hindre at landbrukseigedomar blir verande i eit dødsbu over lang tid, som mellom anna har kunne ført til at ingen var ansvarleg for å overhalda bu- og driveplikta. Kommunen får no melding frå tingretten når det inngår ein landbrukseigedom i dødsbu og kven som er arvingane. Arvingane vil deretter får eit varsel frå kommunen med ein frist for å overføra dødsbuet. Der personen som eigde landbrukseigedom er avdød før 01.01.2022, reknast fristen på tre år frå lova tredde i kraft. Dersom landbrukseigedom ikkje skulle bli overført til nye eigarar innan fristen, kan kommunen krevje tvangssal av eiegen.




Foto: Vindafjord kommune

#### **AKTIVITET I SKOGBRUKET 2023**

I 2023 vart det avverka 40.225 m<sup>3</sup> skogsvirke for sal i Vindafjord. Industrivirket er fordelt på 31.212 m<sup>3</sup> gran, 7.806 m<sup>3</sup> furu og 30 m<sup>3</sup> lauv. I tillegg vart det innmeldt 1177 m<sup>3</sup> til ved i virkesdatabasen (VSOP). Bruttoverdien av dette volumet var 18,7 mill. kr. Innmeldt sal av juletre var 7690 stk til ein verdi av 1,2 mill. kr.

Det vart planta på 342 dekar (269 daa i 2022) og supplert på 55 dekar (144 daa i 2022). Ungskogpleie vart utført på 86 dekar, mot 237 dekar i 2022 og 124 daa i 2021.

#### **SKOGPLANTING 2024**

Det vert stadig meir vanleg at plantearbeidet vert utført av profesjonelle aktørar, som tar seg av både plantebestilling og plantearbeidet. Ofte vert avtale om planting inngått i samband med avtalen om hogst.

Dersom du har hatt bartrehogst **vinteren 2023 eller før**, og ikkje har gjort avtale om planting, må du vere snar til å bestille. Ta kontakt med entreprenør eller kommunen så snart som råd. Dersom du tenker å plante sjølv, ta gjerne kontakt med kommunen om val av proveniens. Vi har og noko planteutstyr til utlån.

**Hugs at hogstflaten må vere sett i ny produksjon innan 3 år etter hogst.**

#### **UNGSKOOGLEIE**

Når ny forynging er etablert på ei hogstflate, er det viktig å halde kontroll på konkurrerande vegetasjon. Planter som vert ståande for lenge under lauvkraft eller annan vegetasjon, vil begynne å sture, ev. få skadar på toppskot/greiner eller i verste fall døy. **Produksjonstapet i den tida dei**

**står undertrykte vil aldri takast igjen og tida fram til trea vert hogstmodne vert forlenga.** Det er derfor svært viktig å følgje opp plantefelta med ungskogpleie i rett tid. Det er eit stort etterslep på ungskogpleie i kommunen.

### **PROSJEKT SKOGKULTUR 2022-2026**

Vindafjord kommune har saman med Tysvær og Haugesund kommunar fått tilskot frå Statsforvaltaren til eit prosjekt med fokus på ungskogpleie og planting. Gjennom prosjektet skal skogeigarar få eit gratis tilbod om nøytral rettleiing med mål om å auke aktiviteten innan skogkultur. Prosjektet starta 1.april 2022 og varer ut 2026.

Ny prosjektleiar frå 2024 er Per Helle, 99417633, [perh@skogkurs.no](mailto:perh@skogkurs.no). Han er Skogkursinstruktør og busett på Haugalandet. Ta gjerne kontakt!

### **TILSKOT TIL SKOGKULTUR**

Det er gode tilskotsordningar for investering i ny skog, t.d. planting, supplering og ungskogpleie. I tillegg til tilskotet kan du bruke skogfondet ditt til investeringa og få skattefritak på 85% av beløpet du bruker. Ta kontakt med kommunen for meir info eller les meir på <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk>

### **KURSTILBOD FRÅ SKOGKURS**

I tillegg til praktiske kurs tilbyr og Skogkurs (tidl. Skogbrukets kursinstitutt) ei rad kurs som kan takast heimafrå på nett. Eksempel på tema: Norsk PEFC Skogstandard, Forvaltning av kantsoner mot myr, vatn og vassdrag og Byggherre på skogsvegprosjekt. Kursavgifta for skogrelaterte kurs kan dekkast med skogfond med skattefordel.

### **FERDIG BYGDE LANDBRUKSVEGAR**

Hugs å melde frå til kommunen når landbruksvegen du fekk byggeløyve på er ferdig bygd.

### **LANDBRUKSVEGAR BYGD UTAN LØYVE**

Av og til kjem kommunen over landbruksvegar bygde utan løyve. Rutine fram til nå har vore å gi grunneigar høve til å søke om løyve etter landbruksvegforskrifta i ettertid. Landbruksdepartementet har nå presisert i e-post til Statsforvaltarane at vegar bygde utan løyve ikkje kan handsamast etter landbruksvegforskrifta,

men skal handsamast etter plan- og bygningslova.



Foto: Vindafjord kommune

### **FELLINGSRESULTAT – jakta 2023:**

Kommunen har som mål å redusere hjortebestanden. Kommunen reduserte minstearealet for hjort i 2019 til 500 dekar. Kommunen vektlegg overvekt av hodyr i uttaket og høgt uttak av kalv. Hausten 2023 vart det i Vindafjord felt **1127** hjort av 1233 tildelte løyve (91,4%). For føregåande år er tala **1126** felte av 1200 løyve i 2022 (93,8%) og **1052** felte av 1176 løyve i 2021 (89,5%).

Kommunen har vore med på prøveordninga med kvotefri jakt på kalv i både 2022 og 2023. Kalvedelen i det samla uttaket auka då frå 30% i 2021 til ca.35% i 2022 og 2023. Dette er i samsvar med forvaltningsmåla for kommunen og Haugalandet. Hodyrdelen ligg jamt på ca. 53%.

Rådyr: Det vart felt 117 rådyr i 2023, mot 138 rådyr i 2022, 105 i 2021 og 125 i 2020. Det meste som er felt av rådyr i Vindafjord er 187 dyr i 2009.

### **SØKNADSRISTAR jakta 2024 :**

Søknad om endring av vald, fråvik frå minstearealet, godkjenning av nye vald og bestandsplanområde, godkjenning av bestandsplanar: **1. mai**

### **VILTSEMINAR 8.-9.MARS**

Norsk Hjortesenter arrangerer sitt årlege viltseminar 8.-9. mars i Bergen. Sidan pandemien har det vore mogleg å delta digitalt ved å kjøpe webinarbillettar. Meir informasjon og program finn du her: <https://www.hjortesenteret.no/arrangementer/>

### VÅRTELJING 2023

Vårteljing av hjort på innmark har vore gjennomført sidan 1999. Det vert tald hjort langs faste ruter som er like frå år til år, på 6 bestemte datoar og til bestemt tid på døgeret. Vårteljinga gir eit bilete på den relative bestandsstorleiken om våren og kan seie noko om bestandsutviklinga over tid. Teljedatoane for 2023 blir annonsert i Grannar. Kommunen takkar alle som bidrar med tida si til dette!

### REVEJAKT 2023

Frå lokallaga av Sau og Geit har kommunen fått melding om til saman 116 felte revar i 2023. Åra før vart det felt 131 revar i 2022, 127 revar i 2021 og 2020, 123 i 2019, 107 i 2018, 102 i 2017 og 63 i 2016. Jakttida for rev er 15.07.- 15.04.

### SKADEFELLING AV RAUDREV

Tidlegare år har kommunen mottatt søknadar om skadefelling av raudrev utanom ordinær jakttid. Med viltforskrifta av 2020 krev skadefelling av raudrev ikkje lenger løyve frå kommunen.

Det er skadelidte sjølv som kan ta den avgjerda (jf. § 3-4).

Felling kan likevel berre utførast om vilkåra i § 3-3 er oppfylt:

- a. *Skaden er eller kan bli av vesentlig økonomisk betydning*
- b. *Skadeforebyggende tiltak er i rimelig utstrekning forsøkt, vurdert ut fra hvilke verdier som skal beskyttes og kostnadene ved alternative tiltak.*
- c. *Uttaket rettes mot skadegjørende individ.*
- d. *Uttaket er egnet til å stanse eller vesentlig begrense skadesituasjonen.*
- e. *Uttaket ikke truer bestandens overlevelse.*

Merk at alt vilt felt etter § 3-4 skal **rapporterast til kommunen av den skadelidte** så snart som råd, med opplysning om tal individ, art og kva skade som var grunnlag for uttaket.

### UTFASING AV PRODUSENT-NUMMERET I LANDBRUKS-REGISTERET

**Landbrukets Dataflyt SA** har no overtatt ansvaret for produsentnummeret fra Landbruksdirektoratet. Nye produsentnummer som vert laga frå 2024 er utan logikk, og vil ikkje gi informasjon om verken kommune- eller gardid-nummer, i motsetning til dei produsentnummera som har vore laga fram til 2024, som

identifiserer ein landbrukseiendom innan ein kommune.

Dette har ingen betydning for dykk som allereie har produsentnummer, då eksisterande produsentnummer vert vidareført utan endring.

**Nye produsentar:** For nye produsentar vil sakshandsamar i kommunen fortsette dagens praksis med å opprette knyting mellom føretak og landbrukseigedom, slik at føretaka får registrert driftssenter i Landbruksregisteret. Det nye er at produsentnummer ikkje vil være tilgjengelig i Landbruksregisteret og at nytt produsentnummer blir generert og tilgjengelig i systema hos Landbrukets Dataflyt.

Les meir om produsentnummer på heimesida til Landbrukets dataflyt:

<https://www.landbruketsdataflyt.com/>

### GARDSKART – GODKJENNING OG ENDRING AV AREAL

Arealtala i gardskartet er grunnlag for utbetaling av areal- og kulturlandskapstilskot. Tala blir også brukt ved behandling av jordlovsaker. Ved sal av landbrukseigedommar vil arealtala i gardskart vere ein del av grunnlaget i fastsetjing av takst.

Det er lurt å sjekke at gardskartet er rett til ei kvar tid. Sett på flybilde som bakgrunn, så er det enklare å sjå om registrert jordbruksareal er rett. Ta kontakt dersom du meiner at jordbruksarealet i gardskart over dine disponerte eigedommar kan vere feil. Nokre endringar, som små justeringar, kan kommunen justere utifrå flyfoto. Større endringar og godkjenning av nytt innmarksbeite krev synfaring.

### GODKJENNING AV INNMARKSBEITE

Innmarksbeite er jordbruksareal som kan nyttast til beite, men som ikkje kan haustast maskinelt. Arealet skal ha grasrik vegetasjon med minst 50 prosent kulturgras og beitetålande urter. Det skal vere rydda for kratt og hogstavfall, slik at arealet er godt tilgjengeleg for beitedyr. Innmarksbeite skal ha eit tydeleg kulturpreg. Alt innmarksbeiteareal skal godkjennast av kommunen og registrerast i gardskart før det gir grunnlag for arealtilskot. Frist for å avtale synfaring for godkjenning av areal i AR5 er 10. august. Ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 47 69 86 67

## **SPREIEAREAL**

Me minner om Forskrift om gjødselvarer av organisk opphav § 24 – krav til spreieareal, der det står at husdyrgjødsel berre kan spreiest på godkjent spreieareal. Fulldyrka og overflatedyrka jord er automatisk godkjent spreieareal. For å kunne spreie på innmarksbeite må arealet vere godkjent som spreieareal.

Alt godkjent spreieareal er digitalisert og tilgjengelig på [www.temakart-rogaland.no/spreieareal](http://www.temakart-rogaland.no/spreieareal)

Utmarksareal kan ikkje godkjennast som spreieareal.



## **INNMARKSBEITE SOM SPREIEAREAL**

Dersom du ynskjer å nytta husdyrgjødsel på innmarksbeite, må dette søkjast om til kommunen. Send inn søknadsskjema; «Søknad om godkjenning av beite som spreieareal», som du finn på kommunen si heimeside:

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jordbruk-og-husdyr/husdyrgjodsel-og-spreieareal/>

Ta kontakt, så avtalar me ei synfaring til våren, der me vurderer areal og beitepraksis mm, og finn ut om arealet kan godkjennast som spreieareal. Etter at kommunen har godkjent innmarksbeitet som spreieareal, vil du få tilsendt vedtak og kart over godkjent areal. Det godkjente spreiearealet skal takast med i berekninga av gjødselplan. Alt godkjent spreieareal er digitalisert og tilgjengeleg på [www.temakart-rogaland.no/spreieareal](http://www.temakart-rogaland.no/spreieareal)  
Ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 47 69 86 67 for å avtale synfaring.

**Nyttige tips ved den årlege gjennomgangen av spreiearealet.**

Det finst gode hjelpemiddel digitalt for å få god oversikt over kor mykje spreieareal dykk treng og kor mykje spreieareal dykk har tilgjengeleg.

Sjå info om Husdyrgjødsel og spreieareal på heimesida vår:

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jordbruk-og-husdyr/husdyrgjodsel-og-spreieareal/>

Her finn dykk nyttige lenkertil blant anna spreiearealskjema(GDE-kalkulator), Temakart-Rogaland(oversikt over godkjent spreieareal i innmarksbeite), info og søknadsskjema om innmarksbeite som spreieareal og forslag til avtale om leige av spreieareal.

For å få ei oversikt over alt areal som du disponerer kan du nytte gardskart <https://gardskart.nibio.no/search>. Sjekk om fulldyrka areal, overflatedyrka og innmarksbeite i gardskart er rett i forhold til dagens situasjon.



Foto: Vindafjord kommune

## **Aktuelle facebook-sider:**

**Vindafjord kommune** - Diverse informasjon frå Vindafjord kommune.

**NIBIO Gårdskart og Kilden** - For dei som ynskjer tips om funksjonalitet og innhald, og ønsker å følge med på kva som er nytt i Gardskart.

**Økologisk Rogaland** – Gode historier om dyktige økologiske matprodusentar og tips om kurs og konferansar. Sida blir oppdatert av Økologisk Rogaland, Økologisk Norge sitt fylkeslag i Rogaland.

## **Statsforvaltaren og bonden i Rogaland**

– Informasjon retta mot bøndene i Rogaland om tilskotsordningar, bruk av

areal, næringsutvikling og anna nyttig informasjon.

### Nyttige heimesider:

**Heimesida til Vindafjord kommune –**  
Natur og landbruk

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/> - Informasjon om tilskotsordningar, regelverk og ulike skjema, samt kontaktinformasjon.

### Heimesida til Statsforvaltaren i Rogaland:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Landbruk-og-mat/> Statsforvaltaren i Rogaland si landbruksavdelingen har som hovudoppgåve å syte for at nasjonal landbrukspolitikkk blir kjend og sett i verk i fylket. Det betyr at vi arbeider for at dei fire hovudmåla i nasjonal landbrukspolitikkk skal nås i Rogaland; Matsikkerheit og beredskap, landbruk over heile fylket, auka verdiskaping og berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar. Med 20 – 30 prosent av matproduksjonen i Norge og ei årleg verdiskaping på nær 6 milliardar kroner, har Rogaland ein viktig posisjon i norsk landbruk. Denne posisjonen arbeider landbruksavdelinga for skal styrkast og utviklast vidare.

### Heimesida til landbruksdirektoratet:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb>  
Landbruksdirektoratet er viktig for mange næringsdrivande og god brukardialog er avgjerande. Dei bidrar til å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag og gir råd om verkemidlar innan landbrukspolitikken. Direktoratet set politikken og handel og landbruket ut i livet.

### Heimesida til NIBIO:

<https://www.nibio.no/>  
«NIBIO er et av Norges største forskningsinstitutt med ca. 750 medarbeidere. Vi bidrar til matsikkerhet og mattrygghet, bærekraftig ressursforvaltning, innovasjon og verdiskaping gjennom forskning og kunnskapsproduksjon.»


Her finn du blant anna gardskart  
<https://gardskart.nibio.no/search>

## INFORMASJON FRÅ HAUGALAND BRANN OG REDING IKS

Haugaland brann og redning iks ønskjer å bidra til at driftsbygningane på gardane i kommunen har ein beredskapsplan. Ein slik plan er viktig for å beskytte liv, dyr og

eigedom mot naudsituasjonar som brann, sjukdomsutbrot og naturkatastrofar. Ved ei hending er det viktig for oss i brannvesenet å kunne finne denne planen når vi kjem fram til garden. Planen gir oss oversyn over sløkkeutstyr, brannalarmanlegg, rømningsvegar, oppsamlingsplass, tilgang til vatn osv.

På [www.ksl.no](http://www.ksl.no) finn du ein mal.



Eks frå Bondevennen

Hugs at gardshus skal ha røykvarslar i kvar etasje, som skal høyrast frå alle opphaldsrom.

Lag deg ein branntrygg dag !!

## Helsing oss i Haugaland brann og redning iks

### NYDYR KING

Det er jamn og god aktivitet med nydyrking i Vindafjord. Det er helst størst aktivitet frå våren og utover. Arealet utgjør gjerne innmarksbeite eller skogsmark. Nydyrking skal normalt skje i god avstand frå vassdrag. Kommunen kan hjelpe til med spørsmål om søknadar, plikter og rettar. Ein må søka før tiltaket settast i gang. Dette fordi kommunen plikter å sjekke om nydyrking kjem i konflikt med andre omsyn. Andre omsyn omfattar kulturminner, biologisk mangfald, kulturlandskapsverdiar og vassdrag. Tiltaka skal munne ut i driftsmessig gode løysingar. Nydyrking av myr er generelt ikkje tillate.

Det er fire lovverk som i hovudsak kan tre i kraft ved nydyrking;

### Forskrift om nydyrking, Forskrift om konsekvensutgreiing, Naturmangfaldlova og ikkje minst Kulturminnelova.

1. Nydyrkingsforskrifta. Føremålet med forskrifta er å sikre at nydyrking skjer på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturlandskap, mellom anna omsynet til biologisk mangfald, kulturminner og

landskapsbiletet, samtidig som det skal leggest vekt på å sikre driftsmessig gode løysingar. Med nydyrking meinast fulldyrking og overflatedyrking av jord.

Gjenoppdyrking av jordbruksareal som har vore unytta i over 30 år, reknast som nydyrking. Med fulldyrking meinast rydding og bryting til vanlig pløyedybde slik at arealet kan nyttast til åkervekster eller eng og beite som kan fornyast ved pløying. Med overflatedyrking talar me om rydding og sletting av overflata slik at maskinell hausting er mogleg. Mindre mengder med tilkjørte reine massar er ok, men volum skal dokumenterast og massane skal vera frie for smittestoff og uønskte planterestar/ frø.

2. Er det snakk om å få tilbod om tilkjørte massar i større volum og/eller at terrengendring blir vesentleg, kan tiltaket koma inn under Plan- og bygningslova og må søkast etter dette.
3. Naturmangfaldlova. Føremålet med nydyrkingsforskrifta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning under førebuing av planer og tiltak, og når det tas stilling til om og på kva vilkår planar eller tiltak kan gjennomførast.
4. Kulturminnelova. Med kulturminner meinast alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar det knyt seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Med kulturmiljø meinast områder kor kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Ingen må – utan at det er lovleg etter § 8 – sette i gang tiltak som er egna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, endre, tildekke, skjule eller på anna vis utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje.
5. Forskrift om konsekvensutgreiing. Føremålet med forskrifta er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tatt i vurdert under førebuing av planar og tiltak, og når det tas stilling til om og på kva vilkår/ planar eller tiltak kan gjennomførast. Forskrifta gjer seg gjeldande om eit tiltak antas å kunne få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn. Om

verknadane ikkje er tilfredsstillande belyst i søknaden, skal ansvarleg mynde krevje tilleggsutredningar etter § 27. Generelt kan ein seie at for større tiltak enn 50 da, så kan krav om konsekvensutgreiing automatisk bli aktuelt (men ikkje alltid).

Mange bønder treng stadig meir jordbruksareal til auka dyretal eller tap av leigeareal. Skulle det vera behov for meir info, så kan kommunen hjelpe til.

Kommunen har 12-25 søknadar årleg og interessa er aukande. Tiltak skal vera påbegynt innan 3 år og fullført innan 5 år, rekna frå innvilga dato.

Du finn meir info. om nydyrking på [kommunen si heimeside](#).

### OVERSKOTSMASSAR

Om du har ynskje om å nytte større volum tilkjørte massar frå utgraving av tomt, veganlegg etc., må du søka om tiltak etter Plan- og bygningslova. Då trer krav om nabovarsel, høyring inn, men det treng ikkje bli så mykje verre enn det. Viktig å merka seg er at å legge på 10-20 cm med nabojord går fint, men når du skal leggja på metervis med massar, så utløyser det anna lovverk.



Foto: Vindafjord kommune

### SMIL

Vindafjord kommune har fått ein ny lokal SMIL-strategi! Den blei politisk vedtatt i utval for drift, utvikling og kultur den 5. februar, 2024, og vil gjelde fram til 2032. Nytt i denne strategien frå førre strategi, er at det er ein generell søknadsfrist på våren, 1. mars. Dette for å kunne gjere det lettare å prioritere mellom ulike tiltak ut frå prioriteringslista. Det vil og vere mogleg å sende inn SMIL-søknad etter denne

fristen, men då kan det vere at det er mindre midlar tilgjengeleg. Søknadar som kjem inn etter fristen vil bli behandla fortløpande og bli prioritert ut frå resterande midlar. I den nye strategien har også tiltak for biologisk mangfald og betre vasskvalitet høgare prioritering enn tidlegare.

Vindafjord kommune fekk i januar tildelt 600 000,- i SMIL-midlar frå

Statsforvaltaren, som har eit mål om at minst 35% av desse skal nyttast til tiltak mot ureining og avrenning til vassdrag (til dømes reinseparakar, hydrotekniske tiltak og planting av kantvegetasjon, m.m.) og at minst 30% skal nyttast til tiltak for ivaretaking av biologisk mangfald (til dømes rydding av kystlynghei, sonar for pollinerande insekt, bevaring av hole eiker, m.m.). Vindafjord kommune har eit ønske om å oppnå desse måla, og oppmodar om å søke om SMIL-midlar innanfor desse kategoriane.

Den nye SMIL-strategien finn de på heimesidene våre, saman med meir informasjon om SMIL-ordninga:

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/tilskotsordningar/smil-midlar/>.

Ved spørsmål angående SMIL og den nye strategien er det berre å ta kontakt på e-post;

[gaute.hennig@vindafjord.kommune.no](mailto:gaute.hennig@vindafjord.kommune.no), eller telefon; 47 78 10 84.

Vindafjord kommune oppmodar alle som eig eller leiger landbrukseigedom med jordbruksproduksjon til å lese gjennom den nye strategien og sende inn søknad om støtte til SMIL-tiltak innan 1. mars!

## **INNOVASJON NORGE**

Hovudprioriteringane for 2023 er vidareført i 2024, og nybygg/ombygging av mjølkefjøs med inntil 30 mjølkekyr har særleg prioritet. Unge bønder med prioriterte prosjekt har høgast prioritet i 2024. Distrikta i Rogaland har høgare prioritert enn Jæren. Tilskotet på 92 mill. som blei tildelt Rogaland for 2024, forsvinn fort.

Tilskot til eksisterande/eldre lausdriftsfjøs får støtte dersom dette er knytt til dyrevelferd og oppfylging av storfeforskrifta sitt krav for 2024. Auken i midlar og maks-satsen gjer at Innovasjon Norge kan gje noko ekstra tilskot til dei minste mjølkefjøsa for å få realisert desse prosjekta.

Maks-satsen for 2024 har auka til omkring 40 prosent og enkelte over 40 prosent, av godkjend kostnadsoverslag. Øvre grense er sett til 5 millionar per prosjekt.

Innovasjon Norge kan prioritere meir midlar til unge bønder, dyrevelferdstiltak, distriktsjordbruket og miljøtiltak.

Andre prioriteringar:

Nybygging/ombygging storfe (dyrevelferd->lausdrift)

Dyrevelferd er prioritert:

- SPF-gris
- Ombygging/nybygg for eksisterande sauefjøs/-drift

Generasjonsskifte

Frukt/grønt/veksthus

Landbruksbasert tilleggsnæringar.

- Lokalmat og landbruksbart reiseliv
- Gode inn på tunet-tiltak
- Prosjekt med stor verdiskapings- og vekstpotensial

Forstudie/ressursavklaring:

- Det gis tilskot til eksterne kostnader for å avklare familiens framtidsplanar, ressursar, investeringsomfang og kartlegging av eksisterande bygningsmassar som eventuelt kan brukast som grunnlag for trinnvis utbygging. Målgruppe: små og mellomstore bruk som må tilpasse seg lausdriftskravet (2034).




Foto: at skog

**Ekstra tilskot til bygg i tre** er vidareført, der ein kan få inntil 20 % ekstra tilskot avgrensa til 400 000 kroner.



Fornybar energi i landbruket:

- Bioenergi

Det er ingen søknadsfrist for 2024. Investeringsmidlane på 92.mill som Rogaland fekk tildelt, nå i år, blir brukt opp nokså kjapt. Men det er ein nasjonal pott som alle regionar får ta del i når midlane er brukt opp. Desse er øyremarka til storfe -> lausdrift. Det er god grunn til å vera klar med søknaden i desember. Eit omfattande prosjekt som nybygg/tilbygg er det viktig å bruke god tid på å planlegga. Ta kontakt med kommunal forvaltning for rettleiing.

NB!

Innovasjon Norge gir ikkje tilskot til påbegynte prosjekter. Med påbegynte prosjekt meiner ein igangsetjing av bygg- og anleggsarbeid eller inngått rettsleg bindande kontrakt som gjer investeringa irreversibelt. IN gir heller ikkje tilskot til brukte materielle ting eller utstyr som skal brukast. Det kan gjevast tilskot til bruk av eiga skog i prosjektet.

## DRENERING

I ei tid med stadig aukande nedbørsmengder er god drenering av jordbruksjord viktig for å kunne handtere all nedbøren, redusere faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag, i tillegg til å oppretthalde/auke jordbruksproduksjonen. Sommaren 2023 auka dreneringssatsane betrakteleg, og ein kan nå få opptil 4000 kr i tilskot per dekar med systematisk grøfting, og opptil 61 kr i tilskot per løpemeter med usystematisk grøfting (inkludert avskjeringsgrøfter). Anten du eig, leiger, eller leiger ut jordbruksareal som tidlegare har blitt grøfta, så kan du søke om tilskot til drenering. Ein kan og få tilskot til drenering av planerte areal som ikkje tidlegare er grøfta. Vindafjord kommune fekk i januar tildelt 450 000,- i dreneringsmidlar frå Statsforvaltaren, og kommunen oppmodar jordbruksføretak om å søke om tilskot til drenering fortløpande. Merk at det ikkje vil bli innvilga tilskot til allereie utført dreneringsarbeid, og at tilskot må vere innvilga før gravearbeid for å få utbetalt tilskot. Meir informasjon om tilskot til drenering finn ein på heimesidene våre:

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/tilskotsordningar/tilskot-til-drenering/>.

## VASSDRAG

Vindafjord har mange flotte små og store vassdrag i kommunen, men mange av dei er påverka av menneskeleg aktivitet gjennom utretting, forbygging, rørlegging, forureining og avrenning av næringsstoff. For å oppfylle vassdirektivets krav om minst «god» miljøtilstand i alle vassdrag har kommunen i dei siste åra hatt stort fokus på å kartlegge vassdrag og gjere tiltak for å betre både vasskvalitet og forholda for blant anna laksefisk.

Gjennom sjøaureprosjektet, finansiert av miljødirektoratet, har kommunen i samarbeid med Haugaland vassområde, Frivillige tiltak i landbruket, Vindafjord jakt- og fiskelag, og engasjerte grunneigarar, betra forholda for fisk i fleire vassdrag i kommunen. I løpet av 2023 blei det gjort fleire små og større tiltak, der eit av dei større var å restaurere ein sidebakk til Blikraåna. Sjøaureprosjektet held fram i 2024, blant anna har ein tenkt å restaurere delar av Børkjelandsbekken i Vikebygd, ved å lage eit meir naturleg løp og etablere kantvegetasjon.

I tillegg skal Vestbøelva i Sandeid kartleggast i løpet av året for å finne utav korleis ståa er i dag og kva tiltak som eventuelt kan settast i verk for å betre både miljøtilstand og hydrologi.

Me ser at det er stort engasjement for å ta vare på vassdraga og fisken i kommunen, noko som er veldig positivt. Likevel har ein framleis ein del utfordringar med fysiske inngrep i og langs vassdrag, i tillegg til ein del avrenning av næringsstoff.

Når det gjeld fysiske inngrep i vassdrag (alle inngrep som fysisk skjer i og langs vassdrag, til dømes graving eller forbygging) må det søkast om løyve for å gjere eventuelle tiltak.

I vassdrag kor det vandrar opp laksefisk (anadrome vassdrag) eller ål (katadrome vassdrag) er det Statsforvaltaren som er ansvarleg myndigheit som ein må sende inn søknad til, medan fylkeskommunen er ansvarleg myndigheit for vassdrag som berre har stadbunden fisk, eller ikkje fisk i det heile. Som vassdrag reknast alt stillestående eller rennande overflatevatn med årvis vassføring, med botn og bredder inntil høgaste vanleg flaumvasstand. Sjølv om eit vassdrag på enkelte strekningar renn under jorda, vert

det i sin heilskap rekna som vassdrag. Som vassdrag reknast også vassløp utan årviss vassføring, dersom det skil seg tydeleg ut frå omgjevnadane.



### KANTSONER

God miljøtilstand i vassdrag er ikkje berre avhengig av god vasskvalitet og godt habitat i sjølve elva, kantsona til vassdraga er også viktig for at økosystema skal fungere i sin heilskap.

Kantsona er bindeleddet mellom økosystema på land og i vatn, og er viktigare for livet i vassdraga våre enn ein skulle tru. Ei god kantsona skal helst ha ein del vegetasjon som både bidreg med skugge og le for fisk, men også nedfall av organisk materiale som er grunnlaget for maten til fisken, nemleg bunndyra i vassdraget.

Kantsonevegetasjon er også viktige leveområde for dyre- og fugleliv på land, og fungerer også som grønne korridorar som vilt kan bruke til å bevege seg trygt gjennom landbrukslandskapet. God kantsonevegetasjon bidreg også til å redusere erosjon langs elvebredder, i tillegg stoggar det avrenning av næringsstoff ved å ta opp næringsstoffa før det renn ut i vassdraga.

For å oppretthalde den biologiske funksjonen til kantsona vil ein helst ha ein variasjon av tre, buskar og anna vegetasjon. Dette betyr at ein helst skal la det vekse til i kantsona for å betre forholda for liv på land og i vatn. Tiltak i kantsona, som til dømes graving eller hogst, er i hovudsak søknadsppliktig etter vassressurslova § 11, og det må ved behov for tiltak gis løyve frå Statsforvaltaren. Kva som her blir definert som ei kantsona varierer frå stad til stad, er du i tvil, ta kontakt med kommunen! **Det er**

**likevel lov å drive vedlikehald/plukkhogst i kantsona utan å søke, så lenge ein opprettheld den biologiske funksjonen til kantsona.**

Det er altså ikkje lov å drive snauhogst av kantsonevegetasjon (utan løyve vel å merke), men uttak av enkelttre her og der (til dømes nødvendig uttak av tre som ligg i elva, eller held på å falle ned) er innanfor. Er du i tvil, ta kontakt med kommunen, så finn me utav om det er søknadsppliktig eller ei!

### VILKÅR FOR PRODUKSJONSTILSKOT

Det er difor særst viktig å ta vare på kantsona langs vassdrag, og ein skal uansett ha **minimum 2 meter (horisontal) brei kantsona mot vassdrag der det er dyrka jord, der det ikkje skal pløyast, spreiaast eller sprøytast. Dette er eit minimumskrav for å i det heile tatt få produksjonstilskot på dei omsøkte areala.**

### REGIONALT MILJØTILSKOT OG UGJØDSLÅ KANTSONE

Dersom ein tillegg set av ei 4 meter brei ugjødsla kantsona på dyrka areal, kan ein få ekstra tilskot gjennom RMP (21 kr per meter). Denne kantsona skal haustast, men ikkje gjødslast eller sprøytast.

### NETTKURS I FORVALTNING AV KANTSONER

I Skogkurs sitt nettkurs kan du lære om kva kantsonene betyr for miljø, klima og vasskvalitet, og kvifor og korleis dei kan skjøttast innanfor gjeldande lovverk og sertifisering. Kursavgifta kan dekkast med skogfond med skattefordel.

### ÅKERRIKSE


Åkerrikse (*Crex crex*) er ein fugl tilknytt ope kulturlandskap som grunna moderniseringa av landbruket (meir intensiv og maskinell utført slått, oppdyrking og nedbygging av naturlege/semi-naturlege hekkehabitat) i dag er klassifisert som kritisk trua på den norske raudlista. Den har tidlegare blitt observert i kommunen og det er difor sannsynleg at den vil prøve å hekke i kommunen i år også. Då åkerrikse er ein kritisk trua art både nasjonalt og internasjonalt, har me eit spesielt ansvar for å ta vare på ho. Miljødirektoratet har laga ein handlingsplan for åkerrikse, der Statsforvaltaren koordinerer tiltak, blant

anna å sette av areal til åkerriksevenleg hausting. Grunneigar vil bli økonomisk kompensert for å sette av areal til tiltak for å ta vare på Åkerrikse. Det er difor viktig at eventuelle observasjonar blir melde inn til kommunen, slik at det kan bli iverksett tiltak for å hjelpe den kritisk trua arten. Saman kan me kanskje bidra til at den karakteristiske songen til åkerrikse igjen kan bli vanleg å høyre rundt om i Vindafjord!



Foto: Ukjent

Åkerrikse



Figuren syner eksempel på omsynsfull og fuglevennleg slått.

## VIPE

Vipa (*Vanellus vanellus*) er ein annan kritisk trua fugleart tilknytt jordbrukslandskapet, som mange i Vindafjord har eit kjærte forhold til. Grunna intensiveringa av jordbruket og oppdyrking og nedbygging av naturleg/semi-naturleg habitat har vipa hatt ei drastisk og akselererande bestandsnedgang (mellom 50-80%) dei

siste åra. Det er difor viktigare enn nokon gong å sette inn tiltak for å bevare vipa. Vipa treng opne areal med låg vegetasjon i hekketida, og reir og fuglar er utsette for å bli øydelagde/drepne i slåtten.

**Gjennom RMP** kan ein få støtte til å sette av «**vipestriper**», soner som skal pløyast før 20. mars og ligge urørt fram til 1. juni. Desse stripene/sonene skal vere minst 2 dekar, ligge ope til, og vere i eit område som i utgangspunktet er attraktivt for hekking av vipe. Satsen for 2023 var 900 kr per dekar med slike vipestriper (det kan maks bli gitt tilskot til 20 dekar). **For å få tilskot må ein melde inn interesse for å ha vipestripe innan 1. mars til kommunen eller Statsforvaltaren.** Dette er uforpliktande, og ein kan gå tilbake på det seinare.








Det finst også andre tiltak bønder kan gjere for å ta vare på bakkehekkande fugl i jordbrukslandskap. Til dømes kan ein merke eventuelle reir med pinnar og unngå å slå/gjødsla akkurat rundt reira.

Agromiljø har utvikla ein vipedisk til å legge over reira ved spreiring med slepeslange. Vipedisken toler at slepeslangen går over disken og beskytter reira på ein god måte. **Kontakt Jakob Eskeland tlf. 97 72 97 47, dersom du vil låne ein vipedisk.**

I tillegg har ein det som ein kallar omsynsfull eller fuglevennleg slått (sjå figur). Det går ut på at ein utfører slåtten slik at fuglar og fugleungar har moglegheit til å kome seg unna slåmaskina ved eigen hjelp. Vanleg slått, der ein startar ute ved kanten og slår inn mot midten, kan føre til at fugleungane rømmer inn mot midten og til slutt blir tatt med i slåmaskina. Ved å tilpasse slåttmønsteret, slik at ein anten slår graset frå den eine sida til den andre, eller at ein startar slåtten frå midten av jordet og beveger seg utover mot kantane, kan fugleungane få moglegheit til å rømme utover og vekk frå slåttmaskinen (sjå figur). Best effekt får ein viss ein i tillegg slår med redusert hastigheit.

Andre tiltak for å bevare trua fugleartar tilknytt jordbruket kan også få støtte gjennom SMIL-ordninga. Ta kontakt med kommunen ved forslag eller spørsmål!

# Eining Areal- og forvaltning:

	Namn	Hovudoppgåver
	<b>Thomas Vestbø</b> Tlf. 97 54 01 80 e-post: thomas.vestbo@vindafjord.kommune.no	Einingsleiar
	<b>Morten Rørheim</b> Tlf. 90 88 42 57 e-post: morten.rorheim@vindafjord.kommune.no	Innovasjon Norge
	<b>Gaute Widerøe Hennig</b> Tlf. 47 78 10 84 e-post: gaute.hennig@vindafjord.kommune.no	SMIL/drenering/miljø
	<b>Sissel Lilleland</b> Tlf. 47 78 03 92 e-post: sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no	Produksjonstilskot
	<b>Alf Ole Bull-Tornøe</b> Tlf. 47 69 78 68 / 41 61 56 09 e-post: alf.bull@vindafjord.kommune.no	Konsesjon/deling/nydyrking
	<b>Anne Karin Langeland</b> Tlf. 47 69 86 67 e-post: anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no	Oppdatering av gardskart
	<b>Gitte P. Halvorsen</b> Tlf. 47 69 89 66 e-post: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no	Skog og viltforvaltning

**Utgjevar: Landbrukskontoret**

**Redaktør: Sissel Lilleland**  
**Kommunen si heimeside:**  
[www.vindafjord.kommune.no](http://www.vindafjord.kommune.no)  
**Tlf. 53 65 65 65**



**VINDAFJORD KOMMUNE**  
**Eining Areal- og forvaltning**  
**Østbøvegen 2**

**5585 SANDEID**